

# **Sakliste til instituttstyremøtet 11. august 2010**

Møtestad: Styrerom 502, Christiesgt. 13.

Møtetidspunkt: kl. 09.00-11.00

## **I**

### **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

## **II**

### **PROTOKOLL FRÅ INSTITUTTRÅDSMØTE DEN 31. MAI 2010**

## **III**

### **FULLMAKTSAKER**

## **IV**

### **ORIENTERINGSSAKER**

- Status for etablering av forskingsgrupper og fordeling av forskingsmidlar til forskingsgruppene
- Nettsider for Institutt for Pedagogikk - status
- Kontorflytting - status og framdrift
- Kick-off for instituttet - tidspunkt, innhald og stad.
- Innføring av midtvegsevaluering av stipendiatar ved det Psykologiske Fakultet
- Velferdstiltak for det nye instituttet
- Instituttlunsj - tidspunkt
- Utlysing av professorat i lærarutdanninga - status
- Møte med UiB-stipendiatar på vårt institutt
- Møteplass for programstyrarar, forskingsgruppeleiarar og instituttleiinga
- Eksterne prosjekt og instituttet/programma sin kapasitet
- Planlegging av forskingstermin for fast tilsette ved instituttet
- Forskingsseminar hausten 2010 ved instituttet
- Nytilsette - oppfølging

## **V**

### **NYE SAKER I DETTE MØTET**

#### **12/2010 Innspel til Eigedomsavdelinga sitt budsjettforslag for 2011 (sjå vedlegg)**

Instituttet er av fakultetet blitt bedt om å gi budsjettinnspel i høve ekstraordinære behov, som til dømes ombygging eller større utskiftingar av utstyr i samband med ombygging, flytting, eller oppgradering av lesesalplassar. Innspela blir sendt til fakultetet og dannar grunnlag for fakultetet si vidare prioritering av byggrelaterte investeringar til Eigedomsavdelinga.

#### **Forslag til vedtak:**

Ekstraordinære behov må sjåast i samband med eventuelle større endringar av areal på bygget og kan ikkje spelast inn på noverande tidspunkt.

#### **13/2010 Budsjettforslag 2011 – invitasjon til budsjettinnspel frå institutta (sjå vedlegg)**

Instituttet er av fakultetet blitt bedt om å gi budsjettinnspel i høve budsjettet til Det Psykologiske fakultet for 2011. Budsjettinnspelet skal omfatte alle underliggjande einingar, herunder forskingsgrupper og programstyret.

#### **Forslag til vedtak:**

Instituttleiar og administrasjonssjef slutfører budsjettinnspelet ut frå prioriteringar og punkt som ein blir samde om å prioritere under instituttrådsmøtet.

**14/2010 Løyving til fagseminar for markering av avgang professor**

Professor Olga Dysthe fyller 70 år hausten 2010. I samband med hennar avgang blir det 29. oktober arrangert eit fagseminar med inviterte gjestar. Det er alt satt ned ein arrangementskomite. Instituttet er av arrangementskomiteen bedt om å bidra med midlar til å avvikle arrangementet. Ved tilsvarande arrangement i 2009 godkjente forskingsgruppa PLP ei ramme på 55 500 kroner ut frå eit førelagt budsjett og presentasjon av fagleg innhald for arrangementet.

**Forslag til vedtak:**

Institutt for pedagogikk går inn for å bidra med ei ramme på 56 000 kroner til dette arrangementet, under føresetnad av at arrangementskomiteen legg fram budsjett og at seminaret held fagleg god standard.

**15/2010      Eventuelt**